



Rolf Reigstad  
Gjervika 28  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1105 - 17/13675

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.05.2017

## Løyve til arealoverføring - gbnr 188/742 og gbnr 188/6 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 221/17**

**Tiltakshavar:**  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Rolf Reigstad søker om arealoverføring av omlag 700 m<sup>2</sup> frå gbnr 188/742 til gbnr 188/6. Arealet skal nyttast som tilleggsareal til landbrukseigedom. Søklar eig begge eigedomane.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.03.2017, supplert 11.05.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.05.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik - Alversund sin arealdel er definert som LNF-føremål. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 16.02.2017.

### Vatn og avløp (VA)



Ikkje relevant for tiltaket.

#### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ikkje relevant for tiltaket.

#### **VURDERING:**

Gbnr 188/742 er matrikkelført med eit areal på omlag 3 daa. Eigedomen vart godkjend frådelt frå gbnr 188/6 i 2002 som tilleggsareal til bustadeigedomen gbnr 188/2002. Kravet i vedtaket om samanføyning av areala har ikkje blitt gjennomført. Ved omsøkte arealoverføring vil del av dette arealet verta ført tilbake til gbnr 188/6.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Delar av tilkomstvegen til fleire eigedomar i området ligg innanfor det arealet som vert søkt overført frå gbnr 188/742 til gbnr 188/66. Administrasjonen legg til grunn at arealoverføringa ikkje vil endra rettar som ligg til arealet.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4, jf §§ 20-2 og 20-1 første ledd bokstav m) vert det gjeve løyve til arealoverføring frå gbnr 188/742 til gbnr 188/6 slik det er søkt om.**

**Grensene for parsellen går fram av situasjonskart datert 16.02.2017. Nøyaktig storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Rolf Reigstad

Gjervika 28

5914

ISDALSTØ